

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Førde HF

**DATO:** 05.05.2016  
**SAKSHANDSAMAR:** May Helen Vik  
**SAKA GJELD:** **Risikostyring av styringsmål 2016 - rapportering 1. tertial**

**ARKIVSAK:** 2016/474  
**STYRESAK:** **035/2016**

**STYREMØTE:** **17.06.2016**

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek saka til orientering

## Oppsummering

Helse Førde HF vedtok i mars fem årlege styringsmål med delmål for 2016, jf styresak av 18. mars 2016.

For perioden mars – mai har Helse Førde gjennomført prosess for risikostyring av styringsmåla, i tråd med regionale retningslinjer. Risikostyring er metode for målstyring. Viktige faktorar er å identifisere risiko og kritiske suksessfaktorar, kartlegge no-situasjon og identifisere tiltak som er naudsynte for å nå styringsmåla i helseføretaket. Med oversikt over desse faktorane kan føretaket ved rette aktivitet styre og kontrollere risiko og måloppnåing.

Prosesen har involvert medarbeidarar frå ulike ansvarsområde, fagområde og tiltakshavarar. Dette for å sikre medverknad frå relevant kompetanse i val og prioritering av aktuelle forbetringstiltak for helseføretaket.

Oversikt over identifiserte tiltak for kvart enkelte styringsmål og delmål framgår av tabell, jf vedlegg 1. Oversikt over risiko går fram av fargetabellane. Vedlegg 2 viser samlematrise for risiko.

## Fakta

På bakgrunn av risikovurderinga vil Helse Førde for 2016 gjennomføre fleire aktivitetar relatert til styringsmål og delmål som omhandlar naudsynt fokus på utvikling og kvalitetsforbetring av «pasientens helseteneste», og særskilt bruk av framtidsretta teknologiske løysingar i pasientbehandling (e-helse).

Både lokalt og reigonalt / nasjonalt initierte forbetringar er aktuelle og er oppsummert knytt til:

- Pasienttryggleiksprogrammet med tiltakspakkar
- Program for «Alle Møter» med delprosjekt
- Tidleg diagnostisering og behandling og reduksjon av ventetider – med bruk av nasjonale fagprosedyrer, standardiserte pakkeforløp, arbeid med variasjonar / læring, måling av kvalitetsutvikling etc.
- Helse, miljø og sikkerheitsarbeid med HMS-strategiar & -handlingsplanar, førebygging og meldekultur
- Program for pasientens helseteneste med utvikling av tverrfaglege og heilskapege helsetenester
- Bemanning, rekruttering, kompetanse, effektivisering, nytterealisering og økonomistyring

### **Kommentarer**

Tiltaka i risikostyringa vert vurderte som relevante for å nå styringsmåla, men for å få oppnå strukturert og varig resultat vil mange av tiltaka måtte vidareførast i 2017. Dette er i tråd med langsiktig kvalitetsfokus.

### **Konklusjon**

Risikovurdering og val av tiltak vert etter dette tertialrapportert til styret. Status for gjennomføring av tiltaka vil bli rapportert til styret 2. tertial, i tråd med årshjul i regional retningsline for risikostyring.